

SEIM BYGG AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Att.Terje Seim

Dato	08.04.2022
Vår referanse	2022/18677-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Uttale - Revidert søknad - Byggegrense og avkjørsel - Fv. 5474 Lurevegen - Gnr 172 bnr 29 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 29.03.2022.

Vi uttalte oss til saka i brev av 20.08.2022. Det er no sendt inn ein revidert søknad for tiltaket og du ber om ei ny uttale.

Det er lagt ved eit situasjonskart med ein skjematisk og forenkla innteikning av ein tomanns-bustad og parkeringsareal. Bygningen er trekt vekk frå fylkesvegen og er vist 15 meter frå vegmidte. Det er vist parkeringsareal nærare fylkesvegen. Dette arealføremålet, saman med tilkomstvegen, er også tiltak som ikkje er tillate innanfor byggegrensa.



Situasjonskart vedlagt søknaden som viser ny plassering av avkjørsle og avstand frå vegmidte.

Vi er også i tvil om avkjørsle kan byggjast med tilfredsstillande siktkrav og stoppsikt langs veg.

Vi kan etter dette ikkje sjå at du har innretta deg etter brevet vi sendte 20.08.2022, der vi peika på at byggegrensa vi kunne akseptere er 30 meter frå vegmidte.

På denne strekninga er fylkesvegen svært smal og har mange kurver. Det manglar tilbod til mjuke trafikantar. På sikt, og særleg ved meir utbygging, vil kravet til utbetring av fylkesveg 5474 presse seg fram. Det er difor viktig at det er ei god arealstripe langs vegen som gjev rom for ei slik utbetring. Det er bygd tett på vegen langs strekninga, og det kan vere krevjande å finne gode løysingar som tilfredsstill

gode og trafikksikre løysingar for utbetring av trafikkareala. Ytterlegare bygging innafor byggegrensa, forsterkar dette og kan gjere at tiltaket blir for kostnadskrevjande, slik at det blir ytterlegare utsett i tid.

Eigedomen er del av eit større noverande bustadområde som er aktuelt for vidare utbygging og fortetting. Vi meiner at omsynet til trafikktryggleik og trygg skoleveg blir best ivaretatt dersom området vert regulert, slik at det mellom anna vert sett av tilstrekkeleg areal til trafikkføremål. Det må gjerast før ein eventuelt går vidare med utbygging her. Vi har ikkje mottatt noko avklaring frå Alver kommune om eit eventuelt plankrav slår inn i dette tilfellet, slik vi har bedt om.

Vi viser til vårt førre brev der vi opplyste om at vi kan behandle søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs veg og søknad om avkøyrsløse, dersom du ynskjer det. Vi vil innstille på eit avslag i så tilfelle, men du vil ha klagerett på eit slikt vedtak.

Vi ber om tilbakemelding om kva saksgang du ynskjer, og at den vert sendt til post@vlfk.no

Med helsing

Kari Elster Moen

Isenioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4